

SETLAR OG MYNTAR

Årsrapport 2022



NOREGS BANK

Innhald

| | | |
|-----|--|----|
| 1. | Innleiing..... | 3 |
| 2. | Kontantforsyninga | 3 |
| 3. | Meir om setlar og myntar i omløp | 5 |
| 3.1 | Volum i omløp..... | 5 |
| 3.2 | Kvaliteten på setlar i omløp..... | 7 |
| 3.3 | Falske setlar..... | 9 |
| 4. | Eiga verksemd | 9 |
| 4.1 | Sentralbankdepot..... | 9 |
| 4.2 | Innskot og uttak av setlar og myntar i Noregs Bank | 10 |
| 4.3 | Destruksjon av setlar og myntar | 10 |
| 4.4 | Publikumstenester | 11 |

Framsida: nærbilete av den 8. utgåva av 200-kronesetelen

Foto: Nils Stian Aasheim / Noregs Bank

1. Innleiing

NOREGS BANK

SETLAR OG MYNTAR
ÅRSRAPPORT 2022
(OFFENTLEG VERSJON)

Rapporten beskriv først hovudstrukturen i kontantforsyninga før han gir ei oversikt over utviklingstrekkna når det gjeld kontantar i omløp, inkludert volum, kvalitet og antalet falske setlar. Vidare blir verksemda til Noregs Bank omtalt, mellom anna omfanget av transaksjonar mot bankane, tenester mot publikum, destruksjon av setlar og myntar og drift av sentralbankdepot. Forhold som er relaterte til bankane sin del av kontantforsyninga, er òg omtalte.

2. Kontantforsyninga

Publikumstilgangen på sentralbankpengar (kontantar) er eit sentralt kjenneteikn ved betalingssystemet. Noregs Bank skal forsyne det norske samfunnet med kontantar. Banken har ei primær forsyningsplikt. Det inneber å sørge for at det er mange nok setlar og myntar tilgjengeleg til å dekkje samfunnets behov, og at kontantane som blir utferda, har god nok kvalitet. Noregs Bank skal òg sikre tilfredsstillande ordningar for å løyse inn utgatte setlar og myntar.

I tillegg har Noregs Bank ei sekundær forsyningsplikt. Det inneber at banken skal leggje til rette for at kontantar blir gjorde tilgjengelege i samfunnet.¹ Noregs Bank skal vareta forsyningsplikta på ein måte som fremjar ei effektiv kontantforsyning, og som samtidig bidreg til effektivitet i det samla betalingssystemet.

Noregs Bank har ei grossistrolle i kontantforsyninga. Som illustrert i figur 1 nedanfor set Noregs Bank setlar og myntar i sirkulasjon ved å forsyne bankane med kontantar frå fem sentralbankdepot. Slitne setlar og myntar blir destruerte av Noregs Bank i Oslo. Utgåver av setlar og myntar som ikkje lenger er tvungne betalingsmiddel, kan etter nærmare reglar innløyasast direkte i Noregs Bank.


Bankane har ei detaljistrolle og forsyner kundane sine gjennom ulike kontanttenester. Alle bankar med konto i Noregs Bank kan hente og levere kontantar direkte i Noregs Bank, men dei har valt å organisere seg med å bruke private kontantdepot. Omfordeling mellom bankane skjer ved desse depota, og depota hentar og leverer kontantar i Noregs Bank når det er behov for det.

Kvart depot har ein forvaltar som opptre på vegner av ein bank som eig behaldningane. Etter gitte vilkår får banken rentekompensasjon frå Noregs Bank for behaldningar i privatdepot. Rentekompensasjonen inneber at bankane vil få den same renta anten pengane blir oppbevarte i eit privat depot eller det blir gjort innskot i eit sentralbankdepot. Denne ordninga har i lang tid bidrege til å avgrense rentemotiverte innskot i sentralbankdepotet og til å effektivisere omfordelinga og mellomlagringa i regionane.

¹ Omgrepa *primær og sekundær forsyningsplikt* er ikkje brukte i sentralbanklova, men er utleide frå lovføresegnene i § 1-2 og §§ 3-4 til 3-6. Sjå mellom anna Innst. O. nr. 13 (1999–2000): Innstilling fra finanskomiteen om lov om betalingssystemer m.v., vedlegg 2.

Andre aktører (Nokas og Loomis) som utfører ein stor del av arbeidet knytt til tenester som bankane har ansvar for, tilbyr òg egne tenester til publikum og forretningsdrivande.

Figur 1: Ansvarsdeling og kretsløp, forsyninga av setlar og myntar



Kjelde: Noregs Bank

Setlar og myntar som blir leverte som innskot i Noregs Bank, må vere ektheitskontrollerte, kvalitetssorterte (resirkulerbare og ikkje-resirkulerbare) og pakka i samsvar med reglar som er gitt av Noregs Bank. Slitne (ikkje-resirkulerbare) og utgåtte setlar og myntar blir destruerte av Noregs Bank, mens gode (resirkulerbare) setlar og myntar kan leverast ut igjen utan vidare behandling.

Både Noregs Bank og bankane har i stor grad utkontraktert oppgåver på kontantområdet. Setlar og myntar blir produserte av eksterne leverandørar. Fire sentralbankdepot er drifta av Nokas Verdihåndtering AS. Noregs Bank driv sentralbankdepotet i Oslo og destruerer sjølv slitne setlar og myntar der.


3. Meir om setlar og myntar i omløp

3.1 Volum i omløp

Tala for kontantar i omløp omfattar dagens og førre utgåve av setlar (8. og 7. utgåve) og noverande utgåve av myntar.

Figur 2² viser utviklinga i verdien av kontantar i omløp i perioden 2003–2022. Etter ein nedgang i åra 1999–2003 var det ein auke fram til 2007. Deretter var verdien av kontantar i omløp stabil i fleire år før det igjen var ein fallande trend frå 2017 til 2021. I 2022 var gjennomsnittsverdien på kontantar i omløp på 39,4 milliardar kroner, tilnærma likt omløpet i 2021. Verdien av kontantar i omløp i 2021 og 2022 var nominelt på same nivå som i 1996.

Figur 2: Kontantar i omløp fordelt på setlar og myntar. Milliardar kroner. 2003–2022



Kjelde: Noregs Bank

Årsgjennomsnittet for verdien av setlar i omløp i 2022 utgjorde 35,1 milliardar kroner, ein auke på 0,1 milliardar kroner (0,2 prosent) frå 2021. Verdien av myntar i omløp viser ein nedgang frå 4,32 til 4,28 milliardar kroner (0,9 prosent) frå 2021 til 2022. Det er berre små endringar i valørsamansetjinga for myntar. Vi har ikkje oversikt over kor stor del av kontantar i omløp som blir brukt til transaksjonsformål, og kor mykje som utgjør reserve- eller beredskapsbeholdningar.


Figur 3³ viser endringar i samansetjinga av dei ulike setelvalørane dei siste ti åra. Valørsamansetjinga blir mellom anna påverka av kva valørar som blir nytta i minibankane. Endringane har vore små det siste året. I 2022 var det i gjennomsnitt 115,7 millionar setlar i omløp, ein auke på 0,3 prosent frå 2021. Etter fleire år med stor nedgang i talet på 1000-kronesetlar i omløp auka talet med 1 prosent i 2022. 500-kronesetelen har hatt ein auke dei tre siste åra etter ein nedgang dei tre føregåande åra

² Figuren viser årsgjennomsnittet berekna ut frå data for den siste dagen i kvar månad.

³ Også her viser figuren årsgjennomsnittet berekna ut frå data for den siste dagen i kvar månad.

og auka med 0,5 prosent i 2022. 200-kronesetelen har gått ned med 2,8 prosent. 100- og 50-kronesetlane har hatt ein auke i 2022 på høvesvis 1,8 og 2,5 prosent.

Figur 3: Samansetjinga av setelomløpet. Millionar setlar. 2013–2022




Kjelde: Noregs Bank

Det er typiske sesongsvingingar i kontantomløpet gjennom året med ein topp i samband med jula, sjå figur 4. Elles er det mindre toppar i omløpet ved påsketider og om sommaren. I første halvår av 2020 såg vi ei uvanleg utvikling i form av ein auke frå koronabrotet i mars og med ein topp i året på 42,5 milliardar i august. I 2021 og 2022 var sesongsvingingane svakare enn tidlegare.

Etter at Russland invaderte Ukraina 24. februar 2022, opplevde vi ein moderat auke i utgangen av setlar dei første vekene fram til 29. mars på 638 millionar kroner, før utviklinga igjen fekk eit meir normalt forløp.

Figur 4: Utviklinga i omløpet gjennom året. Milliardar kroner. Januar–desember




Kjelde: Noregs Bank

Kontantdelen av verdien av betalingsmiddel som publikum disponerer (M1), held fram med å falle, jf. figur 5. I 2015 la SSB om pengemengdstatistikken, og beholdningar frå periodar før april 2015 kan ikkje samanliknast med nyare periodar. Pengemengdstatistikken følgjer no ECB-definisjonen av pengemengda. I 2022 utgjorde kontantdelen av M1 1,4 prosent. Det er svært lågt samanlikna med dei fleste andre land vi har statistikk frå.

Målt i forhold til BNP for Fastlands-Noreg og privat konsum har kontantar i omløp vist ein jamn nedgang dei siste 15 åra. I 2021 er omløp målt i forhold til BNP for Fastlands-Noreg og i forhold til privat konsum høvesvis 1,1 og 2,3 prosent. Dette er noko lågare enn i 2021.

Figur 5: Kontantar i omløp, målt i forhold til M1, BNP og privat konsum. Prosent. 2013–2022



Kjelde: Noregs Bank. SSB

3.2 Kvaliteten på setlar i omløp

For at setlar skal fungere effektivt som betalingsmiddel, må kvaliteten på setlane som er i omløp, vere god nok. Er setlane for slitne, kan publikum ha problem med å kjenne igjen sikkerheitselementa, og det vil vere utfordrande å handtere setlane maskinelt.

Noregs Bank definerer krav til kvalitet gjennom regelverket for bankinnskot og -uttak i sentralbanken. Bankane har ansvar for at setlar er sorterte som gode eller slitne i tråd med dette regelverket før innskot i Noregs Bank. Slitne setlar skal leverast til Noregs Bank for destruksjon. Det er òg krav til kvalitetssortering for beholdningar i private depot for å unngå at slitne setlar blir sette ut igjen i sirkulasjon via desse.


Noregs Bank kan òg gjere endringar i setlane for å gjere dei meir robuste for slitasje i omløp. Slike endringar kan ikkje gjerast ofte, og dette er derfor eit langsiktig verkemiddel. Noregs Bank kartlegg utviklinga i kvaliteten på setlar i omløp, og to gonger i året blir eit utval frå fem regionar henta inn og analysert. I tillegg hentar ein inn månadleg statistikk over setlar som er kvalitetssorterte av teljesentralar. Til saman

gir dette eit godt grunnlag for å vurdere korleis kvaliteten utviklar seg, og om det er behov for justeringar.

Noregs Bank har gjort slike undersøkingar sidan 2009. Utsiftinga av setleserien inneber at setlane som no sirkulerer, er relativt nye, og gjennomsnittskvaliteten er derfor god. Sjølv om vi ser at kvaliteten har gått noko ned dei siste par åra, er han likevel over det som blir rekna som eit akseptabelt nivå.

Figur 8 viser kor stor prosentdel av setlane i omløp som blir kvalitetssorterte ved teljesentralar kvar månad. Som det går fram av figuren, er det forskjellar mellom valørane, men ein generell trend er at dei kjem sjeldnare inn til teljesentralane. Endringar i bruksmønster, sirkulasjonsmønster og infrastruktur kan påverke sorteringshyppigheita. Dei siste åra har utsiftinga av den gamle setleserien påverka tala.

Figur 6: Del av omløpet som er kvalitetssortert/behandla av teljesentralar per månad. Prosent. Januar 2012–desember 2022



Kjelde: Noregs Bank

Figuren viser ein kraftig nedgang i inngang til teljesentralane i mars 2020, noko som samsvarer med nedstenginga på grunn av koronapandemien. Inngangen av 200- og 500-kronesetlar har teke seg opp igjen, mens 50- og 100-kronesetlane blir verande på eit lågare nivå enn før koronautbrotet. Den sterke auken i inngangen av 1000-kronesetlar fram til årsskiftet 2020/2021 kjem hovudsakleg av at utgåve 7 blei ugyldiggjord 15. november 2020 og blir bytt ut med utgåve 8.

På årsbasis blir 50-kronesetlane i gjennomsnitt kvalitetssorterte om lag 0,3 gonger per år, mens 100-kronesetlane og 1000-kronesetlane blir behandla 0,5 gonger per år. 200-kronesetlane og 500-kronesetlane blir sorterte høvesvis 1,2 gonger og 1,1 gong kvart år.


3.3 Falske setlar

Det blir registrert få falske setlar i Noreg samanlikna med dei fleste andre land. Dei fleste forfalskingane har vore av dårleg kvalitet og har dermed vore enkle å avdekkje ved å sjekke sikkerheitsselementa som er berekna for publikum.

I 2022 registrerte Kripos 921 falske setlar, ein auke i forhold til tidlegare år. Det svarer til om lag åtte falske setlar per million setlar i omløp. Trass i auken er talet lågare enn tilsvarande tal for eurolanda, som i 2022 var cirka 13 per million setlar.⁴

Noko av auken kjem av etterslep i innrapporteringa av saker frå koronapandemien. Forfalskingane er gjennomgåande av dårleg kvalitet, og Noregs Bank er ikkje uroa over utviklinga.

Figur 7: Beslaglagde falske norske setlar. 2018–2022



Kjelde: Kripos

4. Eiga verksemd

4.1 Sentralbankdepot

Bankinnskot og -uttak av setlar i Noregs Bank skjer gjennom sentralbankdepota. Noregs Bank driftar sjølv sentralbankdepotet i Oslo, medan sentralbankdepota i Stavanger, Bergen, Trondheim og Tromsø er drifta av Nokas Verdihåndtering AS.

⁴ Kjelde: ECB, pressemelding publisert 30. januar 2023.

4.2 Innskot og uttak av setlar og myntar i Noregs Bank

NOREGS BANK


SETLAR OG MYNTAR
ÅRSRAPPORT 2022
(OFFENTLEG VERSJON)

Noregs Bank tek ikkje del i forsyninga til publikum og resirkuleringa av kontantar som er i omløp. Dette er bankane sitt ansvar. Som ledd i varetakinga av dette ansvaret gjer bankane innskot og uttak av setlar og myntar i Noregs Bank når dei har overskot av eller behov for å få tilført kontantar, eller når dei må levere inn slitne/defekte eller tilbaketrekte setlar og myntar.


Til saman hadde bankane 17 prosent færre seteltransaksjonar med Noregs Bank i 2022 enn i 2021, mens snittbeløpet per transaksjon har auka med 4 prosent. Det var samla sett ein netto utgang av setlar i 2022, det vil seie ein auke i antal setlar i omløp, på 1,5 millionar, jf. figur 6. (Merk at dette viser endringa frå byrjinga til slutten av året, derfor avvik talet frå endringa i årsgjennomsnittet, jf. 3.1.) Alle valørar, bortsett frå 200-kronesetelen, hadde netto utgang gjennom 2022.

Ein noko høgare inngang (innskot) og utgang (uttak) av setlar i åra 2016, 2017 og 2018, illustrert i figur 8, er truleg knytt til utskiftinga av setelrekkja. Dei neste åra har seteltransaksjonane med Noregs Bank halde fram med å falle.

Figur 8: Inngang og utgang setlar. Millionar stykk. 2014–2022



Figur 9: Inngang og utgang myntar. Millionar stykk. 2014–2022



Kjelde: Noregs Bank

Det var 8 prosent fleire mynttransaksjonar i 2022 enn i 2021. I 2022 har det samla sett vore ein netto inngang på 5,5 millionar myntar. Alle myntvalørar har netto inngang.


4.3 Destruksjon av setlar og myntar

Noregs Bank kontrollerer og destruerer setlar og myntar som kjem inn etter kvalitetssorteringa til bankane på grunn av for dårleg kvalitet eller fordi dei er trekte tilbake og er komne inn til Noregs Bank gjennom veksling. All maskinell destruksjon av setlar blir overvaka av eit eige datasystem. Den manuelle seteldestruksjonen blir kontrollert av ei tilsynsgruppe med representantar frå ulike avdelingar i Noregs Bank.

I 2022 blei det destruert 9,8 millionar setlar som hadde vore i sirkulasjon, tilsvarande 5,2 milliardar kroner, jf. figur 10. Året før var det tilsvarande talet 9,4 millionar setlar, også det tilsvarande 5,2 milliardar kroner. Toppene i 2017 og 2019 har samanheng med tilbaketrekkinga av den gamle setelutgåva. Det låge nivået i 2021 og 2022 kjem av at setlane i omløp er relativt nye og derfor lite slitne, men òg av lågare kontantsirkulasjon.


Tidlegare blei seteldestruksjon utført ved alle sentralbankdepota, men frå november 2021 av blir det berre gjort ved depotet i Oslo.

Figur 10: Destruerte setlar totalt. Millionar stykk. 2013–2022



Kjelde: Noregs Bank

Figur 11: Destruerte setlar totalt per valør. Millionar stykk. 2013–2022



Kjelde: Noregs Bank

Fordi det vil bli behov for å destruere myntar i åra framover, skaffa Noregs Bank seg ei myntdestruksjonsmaskin i 2022. Banken destruerte myntar med ein samla pålydande verdi på 7,3 millionar kroner i 2022. Det utgjorde 5 millionar skadde 1-kronemyntar og 16 300 minnemyntar i sølv. Etter destruksjonen er metallet selt. Sist gong det blei destruert myntar, var i 2014.

4.4 Publikumstenester

Innveksling av utgåtte setlar og myntar

Publikum kan løyse inn setlar og myntar som ikkje lenger er tvungne betalingsmiddel, anten hos Noregs Bank i Oslo eller ved dei andre sentralbankdepota. Det gjeld gamle 50-øremyntar, 5-kronemyntar og 10-kronemyntar og setlar av utgåve 4, 5, 6 og 7. Pengane og eit søknadsskjema kan sendast via post til Noregs Bank eller leverast i

resepsjonen ved hovudkontoret i Oslo. Det er òg mogleg å veksle opptil 7000 kroner setel mot setel av utgåve 7 ved dei fem sentralbankdepota.

NOREGS BANK

SETLAR OG MYNTAR
ÅRSRAPPORT 2022
(OFFENTLEG VERSJON)

Det er stor inngang av vekslings saker. I 2022 fekk Noregs Bank ca. 28 000 postsendingar med utgåtte setlar og myntar for utbetaling til konto, mot 35 000 i 2021. Til samanlikning var antalet postsendingar i 2017, 2018, 2019 og 2020 høvesvis 1 000, 12 000, 31 000 og 32 000. Tilbodet om å veksle til nye setlar over disk i Oslo og ved dei andre sentralbankdepota var stengt under pandemien, men opna igjen i august 2021. I 2022 blei dei gjennomført ca. 36 000 vekslingar over disk, mot 16 000⁵ i 2021. Noregs Bank behandlar sakene i samsvar med kvitvaskingsreglane, og det er innført rutinar for å sikre at reglane blir følgde på dette området. Nye systemløyisingar og auka ressursinnsats er ein del av dette.

Innvekslinga av utgåve 6 viste at det meste som var i omløp, kom tilbake til Noregs Bank etter ei stund. På grunn av lågare kontantbruk og pandemien vil innvekslinga av utgåve 7 truleg ta lengre tid. Vi reknar med at nokre setlar er gått tapt og derfor aldri vil bli innløyste av publikum. Det gjeld spesielt dei lågare valørane. Alle 50-kronesetlane i utgåve 7 som framleis er registrerte i omløp, heng truleg saman med dette. Tabell 1 viser kor mange setlar av 7. utgåve det er i omløp per 31.12. (i millionar setlar). Per 31.12. var det totalt 82,5 millionar setlar av 7. utgåve til ein verdi av 5,7 milliardar kroner i omløp. Det blei veksla inn ca. 1,3 millionar setlar av 7. utgåver i 2022, mot 1,9 millionar i 2021.

| Antal | 2020 | 2021 | 2022 |
|---------|------|------|------|
| 50 kr | 10,3 | 10,0 | 9,8 |
| 100 kr | 6,9 | 6,7 | 6,5 |
| 200 kr | 4,7 | 4,6 | 4,4 |
| 500 kr | 4,0 | 3,6 | 3,2 |
| 1000 kr | 3,3 | 2,5 | 2,1 |

| kr | 2020 | 2021 | 2022 |
|---------|-------|-------|-------|
| 50 kr | 513 | 500 | 490 |
| 100 kr | 686 | 670 | 650 |
| 200 kr | 948 | 915 | 880 |
| 500 kr | 1 996 | 1 776 | 1 600 |
| 1000 kr | 3 332 | 2 512 | 2 100 |
| Totalt | 7 474 | 6 373 | 5 720 |

Tabell 1: Antalet 7. utgåve i omløp per 31.12. i millionar setlar og verdi i millionar kroner

Erstatningssaker

Publikum kan òg få erstatta sterkt skadde eller bortkomne setlar og myntar etter forskrift om erstatning for sterkt skadde eller bortkomne setlar og myntar. Det blir ikkje behandla mange slike søknader i året (10–20). Mindre erstatningssaker, som avrivne enkeltsetlar, blir behandla som vekslingar.

⁵ Talet for 2021 er oppdatert i forhold til årsrapporten for 2021.